



**Alsaker Fjordbruk AS**  
5694 ONARHEIM  
Telefon : 53 43 01 09  
Telefax : 53 43 01 01  
Dir. tlf. : 53 43 01 09  
Mobil : 99 21 01 09  
Org. nr. : 979 494 009  
[www.alsaker.no](http://www.alsaker.no)

Meland kommune  
v/ Marianne Aadland Sandvik

Dykker ref. : Marianne Aadland Sandvik

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 03.12.2018  
Alsaker AS

## **Salar Bruk AS / Alsaker Fjordbruk AS** **Følgebrev – planering av restareal samt utfylling gnr 43 bnr 27, 76**

Det vert synt til alt gjevne løyve knytt til naudsnyt modernisering av Salar Bruk AS, og møte om planering av restareal 22.11.2018. Parallelt med denne rammesøknaden er det sendt søknad til Bergen Hamm om tiltak i sjø. Tiltaket er øg avklara med BKK gjennom synfaring og seinare korrespondanse.

### **Planering/utfylling**

For å kunne nytte dei produksjonsløyva Salar Bruk allereie er tildelt av offentlege mynde, ynskjer me å planere restareal 4.900 m<sup>2</sup> på Salar Bruk og nytte massane til å forlenge eksisterande utfylling i sjø med om lag 1.500 m<sup>2</sup>. Tiltaket omfattar øg forlenging av lokk vest av demninga ved Kvernholen (8x41 m). Dette vil sikre ei optimalisering av noverande næringsområde N15, og vera i samsvar med kommuneplanen.

Kommuneplanen pkt 1.2.1 stiller plankrav for framtidige område, medan N15 er vist som noverande område i kommuneplanen sin arealdel. Omsøkte planering skjer difor i samsvar med planen, jf pkt 1.2.1 og 2.1.1. Den mindre utvidinga av eksisterande utfylling i sjø er friteken frå plankravet i medhald av unnataket i kommuneplanen 2.1.1a der dette arealet alt er teke i bruk av brygge, infrastruktur m.v. og vil vera ei forlenging av noverande areal, vera knytt til dagens anlegg, og er tilpassa dagens arealbruk.

### **Byggjegrense**

Etter kommuneplanen 1.6.6 går byggjegrensa til sjø i arealføremålet av N15. Planeringa er difor i samsvar med planen, medan utfyllinga finn stad i sjøareal der byggjegrensa ikkje har rettsverknad etter pbl § 1-8. Tiltaket i sjø er ei forlenging av allereie utfylt næringsareal, og finn stad mellom to noverande næringsareal i kommuneplanen. Arealet vil vera relatert til noverande arealbruk på N15.

### **Omsynssone**

Tiltaket kjem heller ikkje i direkte konflikt med omsynssoner, jf etablert bebyggelse og allereie etablert næringsområde. Dei ålmenne interessene i vassdraget knyter seg til areal aust for omsøkte tiltak. Omsøkte tiltak skjer i område kor arealbruken er avklara gjennom kommuneplanen, og det knyter seg ikkje ålmenne interesser til denne delen av Rosslandspollen. Planeringa er knytt til restareal innanfor noverande næringsområde N15 og skjer frå kt +2 til kt +6, medan utfyllinga vert etablert på kt +2 og avslutta med plastring/murekai. Arealet vil med dette ha ei meir estetisk og funksjonell avslutning enn eksisterande utfylling.

Dersom det er spørsmål til søknaden ber me om at ein tek snarleg kontakt med underteikna.

Med venleg helsing  
**Alsaker Fjordbruk AS / Salar Bruk AS**

**Dokumentet er elektronisk signert**  
Kristian Råsberg  
Samfunnskontakt  
[kristian.rasberg@fjordbruk.no](mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no)